


JD 1983 002

SVEIO KOMMUNE

PLANFØRESEGNER FOR BUSTADFELTET BUAVÅG.

- § 1. Det regulerte området er på planen vist med reguleringsgrense. Busetnaden skal der byggjelinje er oppgjeve, plasserast innanfor denne.
- § 2. Frittliggjande bustadhus kan førast opp i inntil 2 etasjar. I hus med ein etasje der terrenget etter bygningsrådet sitt skjøn ligg til rette for det, kan sokkeletasjen innreiast for busetnad innanfor ramma av føresegnene i byggjeforskriftene.
- § 3. For kvar familiebusstad skal det gjevast opp plass for 1 garasje og plass for oppstilling av 1 bil.
- Garasjen skal vera tilpassa bustadhuset med omsyn til materialvalg, form og farge.
- Plassering av garasje skal visast på situasjonsplan som fylgjer byggjemelding for bustadhuset, sjølv om garasjen ikkje skal oppførast samstundes med huset.
- Garasjen kan plasserast i nabogrense i mehald til føresegnene i byggjeforskriftene.
- Bygningsrådet fastset den endelege plassering av garasjen.
- Uthus kan førast opp i tilknytning til bustadhus eller garasje. I særleg høve kan bygningsrådet gje løyve til å føra opp separat uthus.
- § 4. Grunnflata til bygningen , inklusive garasje og uthus må ikkje overstiga 30 % av arealet innanfor tomtegrensene.
- § 5. Bustadhus med tilhøyrande garasje og/eller uthus skal ha ein takvinkel på minst 15° , og høgst 45° .
- Bygningsrådet kan krevja at bygningar som det er naturleg å sjå i samanheng, skal ha same takform, takvinkel og/eller møneretning.

- § 6. Bygningsrådet skal ved handsaming av byggjemelding sjå etter at busetnaden får ein god form og materialhandsaming og at bygningane får ein harmonisk utforming.
- § 7. Mellom tomtane må det ikkje setjast opp gjerde som er høgare enn 60 cm.
- § 8. Ingen tomt må plantast med trer eller buskar som etter bygningsrådet sitt skjøen kan verke skjernerande på den offentlege ferdsel. Siktsonene skal til ei kvar tid vera rydda for sikthindringar. Dei ubygde områda må gjvast ein tiltalande form og handsaming.
- § 9. Mindre vesentlege unntak frå desse føresegnene kan, der særlege grunnar talar for det, tillatast av bygningsrådet innanfor ramma av bygningslova og byggjeforskrifter og særvedtekter for Sveio kommune.



Stadfestet 7. juni 1913
Per Ove Skog
e. f.